

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen As
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/851 - 23/6987

Saksbehandlar:
Asbjørn Nagell Toft
asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no

Dato:
01.08.2023

Endring av byggjeløyve på bustadhus på gbnr. 132/35 - Utkilen

Administrativt vedtak. Saknr: 098/23

Vi syner til søknad motteke den 17.07.2023.

Vedtak

Det vert godkjent omsøkte ansvarsrettar og godkjent endring av byggjeløyve til bustadhus og godkjent endra plassering av bustadhus, vegtilkomst og uteanlegg som omsøkt i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-3, 23-3, 29-2, 29-4, 27-2 og 27-4, og naturmangfaldslova § 8-12 og veglova §§ 40 og 43 på følgjande vilkår:

1. Det vert forutsett at byggverket vert oppført i tråd med kommuneplanen sine føresegner.
2. Avkjøringa vert godkjent plassert som vist på situasjonskart motteke den 17.07.2023 og skal arbeidast opp slik at den etter dagens vegnormalar vert mest mogleg trafikksikker.

Saksutgreiing:

Søknaden gjeld endra plassering av tiltaket og endring av hus/utanomhusanlegg. Søkjar skriv følgjande: **Søknad om endring av gjeve byggjeløyve. Endret adkomst -og eiendomsforhold har medvirket til nye løysningar av hus og tilhørende utomhusanlegg.**

Fakta om huset sin storleik er:

Gnr.132/bnr.35 : BRA = 216,0m² / BYA = 130,0m² / %BYA = 4,3%

Skrivet på 6 sider med denne overskrifta datert den 16.07.2023 viser omsøkte endringar på ein utfyllande måte:

Deres ref.:

Vår ref.: Pål-Jøran Carlsen

Dato: 16.07.2023

Søknad om endring av gitt tillatelse for planlagte tiltak på eiendom med gnr.132/bnr.35, 36 og 71 på Utkilen i Austrheim kommune

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader i samband med nabovarslinga. Endring av omsøkt tiltak fører ikkje til nokon forskjell på tidlegare gjeve dispensasjon i forhold til verken byggegrense eller auka bruk av eksisterande avkjørsel på fylkesveg 565.


Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Kommunen finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Statsforvaltaren i Vestland.

Situasjonsplan og terrengprofilar

Tiltaket er teikna inn med tilstrekkeleg målsetting.



Plassering av nytt bustadhus på gbnr. 132/35 -Utkilen

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehar gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Opplysingar om kommunalt vatn og utsleppsløyve

Austrheim kommune ser at dette er løyst tidlegare og finn dette i orden.

Gjennomføringsplan er vedlagt for følgjande ansvarsområde:

Oversikt over ansvarsfordeling

ANSVARLIG PROSJEKTERENDE

Funksjon	Beskrivelse av ansvarsområdet	Tiltaks-klasse	Foretakets org nummer og navn	Planlagt samsvars/kontrollerklæring, dato (vises når erklæringen er avgitt)	Ansvar avsluttet
PRO	Ansvar for prosjektering av nye eiendomsgrenser.	1	911678403 ARKITEKTKONTORET BØRTVEIT & CARLSEN AS	Rammesøknad, 28.10.2022 Ettrinns-/igangsettingssøknad, 28.10.2022	<input checked="" type="checkbox"/>
PRO	Prosjektering av vannforsynings -og avløpsanlegg.	1	988410586 HJELMÅS VVS AS	Ettrinns-/igangsettingssøknad Ferdigattest	<input type="checkbox"/>
PRO	Prosjektering av sanitærrinnstallasjoner.	1	988410586 HJELMÅS VVS AS	Ettrinns-/igangsettingssøknad Ferdigattest	<input type="checkbox"/>
PRO	Arkitekturprosjektering	1	911678403 ARKITEKTKONTORET BØRTVEIT & CARLSEN AS	Rammesøknad, 16.07.2023 Ettrinns-/igangsettingssøknad, 16.07.2023 Midlertidig brukstillatelse Ferdigattest	<input type="checkbox"/>

ANSVARLIG UTFØRENDE

Funksjon	Beskrivelse av ansvarsområdet	Tiltaks-klasse	Foretakets org nummer og navn	Planlagt samsvars/kontrollerklæring, dato (vises når erklæringen er avgitt)	Ansvar avsluttet
UTF	Innmåling og utstikking av tiltak.	1	911781298 Kversøy Maskin AS	Ferdigattest	<input type="checkbox"/>
UTF	Veg -og grunnarbeider.	1	911781298 Kversøy Maskin AS	Ferdigattest	<input type="checkbox"/>
UTF	UTF - Vannforsynings -og avløpsanlegg	1	988410586 HJELMÅS VVS AS	Ferdigattest	<input type="checkbox"/>
UTF	UTF - Sanitærrinnstallasjoner	1	988410586	Ferdigattest	<input type="checkbox"/>

Bilde: Kvernøy Maskin AS

Konklusjon:

Det vert godkjent endra plassering som omsøkt for plassering av hus, vegtilkomst og utanomhusanlegg og gjeve endra byggjeløyve til nytt omsøkt bustadhus.

Det vert forutsett at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av føresegn om byggjesakshandsaming av 2010 (SAK10) kapittel 10.

Byggverket si plassering på tomta skal kunne dokumenterast, og slik dokumentasjon skal sendast kommunen for oppdatering av kartverket. Slik dokumentasjon skal sendast inn saman med førespurnad om ferdigattest eller mellombels bruksløyve. Ved evt. avvik skal det søkjast om endring av løyve.

Når arbeida vert å sjå på som ferdige, skal ansvarleg søkjar skriftleg rapportere dette til kommunen, jf. plan- og bygningslovas § 21-10, og oppdatert gjennomføringsplan skal leggast fram. Gjenstår noko av arbeida skal dette vere angitt. Det kan bli aktuelt at kommunen gjer ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Ved handsaminga av denne saka har kommunen teke omsyn til den sivile beredskap og samfunnstryggleik.

Kopi av dette vedtak samt andre saksdokument skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Dersom byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 29-1

Alt arbeid skal følgje plan- og bygningslova, forskrifter og andre føresegner. Dersom innsendte planar er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre planane.

Lykke til med bygginga av bustadhuset.

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vedlegg:

Kopi til:

Alf Kvant

Mottakere:

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen Hagellia 6
As

5914

ISDALSTØ